



Arkivnr: 2016/4863-2
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		31.05.2016

Klagesak.

Klage på vedtak, førehandtilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkøyrslø - Fv. 258, til parsell Gnr. 33 Bnr. 621, Kolltveit i Fjell kommune

Samandrag

Statens vegvesen Region vest har den 17.06.2015 motteke klage frå Therese Nordvik-Hjelleseth på vedtak av 27.05.15. Saka gjeld førehandtilsegn med krav til utbetring av avkøyrslø. Det er vilkår nr. 5 i vedtaket som er påklaga, krav til utbetring av svingradius. Det var søkt om utvida bruk av avkøyrslø til Fv. 258, Kolltveitvegen, i samband med søknad om oppføring av ein ny einebustad på parsellen Gnr. 33 Bnr. 261.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalde sitt vedtak i saka.

Fylkesrådmannen er samd i å ikkje akseptera utvida bruk av avkøyrslø til Fv. 258 frå parsell Gnr. 33 Bnr. 621, Kolltveit i Fjell kommune, utan utbetring av svingradius som kravd i vedtak av 27.05.2015. Dette ut frå omsynet til trafikktryggleiken.

Forslag til vedtak

Klage frå Therese Nordvik-Hjelleseth over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 27.05.2015, førehandtilsegn med krav til utbetring av avkøyrslø til Fv. 258 Kolltveitvegen, frå Gnr. 33 Bnr. 621, Kolltveit i Fjell kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Ansvarleg søkjar, Prosjektstyring Vest AS, søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå Fv 258, angående oppføring av ny einebustad for Gert Roar og Therese Nordvik Hjelleseth, Gnr. 33 Bnr. 621, av 16.02.2015.
2. Statens vegvesen Region vest, vedtak/førehandstilsegn med krav til utbetring av avkøyrsløse, av 27.05.2015.
3. Tiltakshavar, Therese Nordvik-Hjelleseth, klage på vedtak/førehandstilsegn med krav, 17.06.2015.
4. Statens vegvesen Region vest, oversendingskriv – opprettheld vedtaket, av 28.11.2015.
5. Hordaland fylkeskommune, kart
6. Hordaland fylkeskommune, kart/foto

Fylkesrådmannen, 11.05.2016**Bakgrunn for saka:**

Statens vegvesen Region vest (vegvesenet) har den 16.02.2015 motteke søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til Fv. 258 Kolltveitvegen, i samband med søknad om oppføring av ein ny einebustad med utleiedel på Gnr. 33 Bnr. 621. (Vedlegg 1)

Vegvesenet har den 27.05.2015 fatta vedtak om førehandstilsegn med krav til utbetring av avkøyrsløse. (Vedlegg 2) Her gikk det mellom anna fram: «*Det kan påregnes brukstillatelse til å legge avkjørsel for 1 boenhet under forutsetning om at kravene nedenfor blir oppfylte. Veg/sted: fv. 258 hp 01 ved km 1,504/gnr. 33 bnr. 261.*» Det vart sett 8 krav i vedtaket. Nokre av vilkåra var standardkrav. Andre gjaldt krav til frisikt og krav til stigning. Mellom anna vart det sett fram krav om at avkøyrsløse skulle opparbeidast med 6 meter svingradius, pkt. 5. Grunnen til dette var at det totale talet på avkøyrsløse som er gjeve i området overstig 10 bueiningar, noko som i Statens handbøker N 100 og N 121 mellom anna tilseier at hjørneavrundinga bør utførast som ein enkel sirkelkurve med radius 9 meter. Vilkår nr. 5 lyder slik:

«Svingradius skal være 6 meter (diameter 12 meter) Svingradius skal markeres tydelig. Det smaleste punktet i avkjørselen skal være 5 meter.»

Therese Nordvik-Hjellesteth (tiltakshavar) var ueinig i dei krava som vart sette i vedtak av 27.05.15 og det vart på denne bakgrunn gjennomført ei synfaring på staden den 05.06.2015. På synfaringa møtte vegvesenet, tiltakshavar og representant for Prosjektstyring vest (ansvarleg søkjar i byggesaka). I avkøyrsløsepunktet fann vegvesenet ikkje grunnlag for å fråvike det no modifiserte kravet til svingradius på 6 meter.

Tiltakshavar sette fram klage på vedtaket i skriv av 17.06.2015. (Vedlegg 3) I klaga går det fram at det er punkt 5 i førehandstilsegnet, det vil seie svingradius, som er gjenstand for klage. Dei andre krava er ifylgje tiltakshavar innfridde.

Det går ein privat veg mellom Fv 258 Kolltveitvegen og fram til eigedomen gnr. 33 Bnr. 621. Tilkomst til parsellen Gnr. 33 Bnr. 621 krev køyring på den private vegen. Det er ved avkøyrsløse frå denne private vegen og ut i fylkesvegen der det er stilt krav om opparbeiding av sikradius. (Sjå kart, vedlegg 5) Ifylgje opplysningane i oversendingsbrev frå vegvesenet (vedlegg 4) er det då heimelshavar av eigedomen som grenser ned mot fylkesvegen, eigar av Gnr. 33 Bnr. 112, som må gje eit hjørne av eigedomen sin for å oppnå tilstrekkeleg svingradius. Ifylgje opplysningar frå vegvesenet, har eigar sagt seg villig til å inngå ein privat avtale med tiltakshavar om dette.

Planstatus: Eigedomen Gnr. 33 Bnr. 621 er vist som «Uregulert – boligområde utan plankrav». Avkøyrsløse ligg langs ein skuleveg. Fartsgrensa på staden er 40 km/t og det er fartsdumpar og overgangsfelt i begge retningar.

Fv. 258 er i «Rammeplan for avkøyrsløse og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest» ifylgje Statens vegvesen vist som haldningsklasse 4 (grønn). Det går fram at: «*Godkjenning av ny avkøyrsløse kan normalt bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsløse vert stetta. Der tilhøva ligg til rette for det, kan tilkomst visast til næraste avkøyrsløse.*»

Rettsleg grunnlag:

Det går fram av veglova § 1 A at:

«*Formålet med lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det*

er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene å skape størst mogeleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og samfunnsinteresser elles.»

Det går fram av veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan det godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

Veglova § 43 1. ledd 1. setning lyder:

«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter.»

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggst til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkjørsler skal vera i samsvar med vegvesenet handbøker N 100 og V 121. Rammeplanen vart vedteke av Hordaland fylkeskommune i 2013.

Klagen:

Tiltakshavar har den 17.06.2015 sett frem klage på vedtak av 27.05.2015, førehandstilsagn med vilkår. Det går fram i klagen at det er vilkår nr. 5 som er påklaga. Dei andre krava skal vera innfridd. Klagen lyder slik:

«Viser til deres referanse: 2015/020831-002 og vil med dette fremstille en klage på forhåndstilsagn på utvidet bruk av avkjørsel Fv. 258- Gnr. 33 Bnr. 621, Fjell kommune, der det ble stilt krav for utbedring av avkjørsel.

Undertegnede gjennomførte en befaring sammen med representanter fra Statens vegvesen 05. juni 2015. På befaringen ble det avklart at det kun punkt 5 i kravene som stilles i forhåndstilsagnet som krever utbedring. Altså, utbedring av svingradius, tilsvarende 6 meter. De andre kravene skal være innfridd.

Vi er kjent med at 5 har hjemmel i veglovens §§ 40-43, men stiller spørsmål ved hvorfor det ikke er lagt til grunn en skjønnsmessig vurdering og befaring i forkant av at forhåndstilsagnet ble utstedet.

Fv. 258 var tidligere hovedvei til Sotra nord og Øygarden. Etter at Kolltveit tunnelen åpnet i 1992 er det kun beboere på Kolltveit som bruker dette veistrekke. Det er derfor svært lite trafikk på denne veistrekningen. Avkjørselen til Gnr. 33 Bnr. 621 ligger langs en skolevei, fartsgrensen er lav (40 km/h) og det er både fartsdumper og overgangsfelt i begge retninger. Veien som går inn til Gnr. 33 Bnr. 621 er en privat vei som idag brukes av 7 husstander. Det er ikke mulighet for gjennomkjøring, da veien er stengt før skolen med en bom. Veien er gangvei for skolebarn, det er selvsagt noe vi som bor i området er sært oppmerksomme på og hensyn tar. Kjøring på den private veien fra/til eiendommene samt påkjøring til fv. 258 tilsvarer derfor gangfart.

Avkjørselen ble ellers vurdert av representanter fra Statens vegvesen som akseptabel og med bra sikt i begge retninger.

På dette grunnlag betrakter vi det slik at det i denne saken bør utstedes forhåndstilsagn på utvidet bruk v avkjørsel fv. 258 – Gnr. 33 Bnr. 621, Fjell kommune, uten krav til utbedring av avkjørsel og ber dere derfor om å gjøre en ny vurdering av denne saken.»

Statens vegvesen si vurdering:

Vegvesenet viser til at kravet til svingradius skal sikre at trafikkavviklinga i avkøyrsla kan skje på ein sikker og hensiktsmessig måte, ved at det er plass til at ein bil kan køyra inn i sekundærvegen samstundes som ein annan bil er på veg ut i primærvegen. Normalt vil bruken av avkøyrsla utløyse eit krav om svingradius på 9 meter. Etter ein konkret vurdering i denne saka, vart det i førehandstilsegn satt krav om svingradius på 6 meter. (Diameter 12 meter).

Dei viser og til at eigar av Gnr. 33 Bnr. 112 (Rasmushaugen) har sagt seg villig til å avgi eit hjørne av hagen sin, for at tilstrekkeleg svingradius ut mot fylkesvegen, skal kunne oppnåast.

Vegvesenet stiller seg uforstående til tiltakshavars argumenter om manglande skjønnsmessig vurdering i denne aktuelle saka. Dei kan ikkje sjå at kravet til å etablera 6 meter svingradius i retning Rasmushaugen representerar vanskelegheiter, korkje i forhold til terreng eller med tanke på å få ein avtale med grunneigar av Gnr. 33 Bnr. 112.

Statens vegvesen Region vest opprettheld sitt vedtak av 27.05.15 og vil ut frå omsynet til ei god trafikkavvikling i avkøyrsla ikkje fråvike kravet til opparbeiding av 6 meter svingradius i avkøyrsla. Dei viser til at krava som er satt i førehandstilsegnet er standardkrav som fylgjer av Statens vegvesen si handbok N 100 og V121.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Omsøkte avkøyrslar ligg langs ein skuleveg. Fartsgrensa på staden er 40 km/t og der er fartsdumper og overgangsfelt i området. Det går fram i saka at vegen frå parsellen Gnr. 33 Bnr. 261 og ned til avkøyrsla, også er ein gangveg for skuleborn. Ved å studere sakens dokumenter, samt kart og foto/flyfoto, kan ein sjå at slik avkøyrsla framstår idag, er det ei lite synlig avkøyrsla, spesielt når ein køyrer på fylkesvegen frå sør og skal svinge til venstre i avkøyrsla. Avkøyrsla kjem då overraskande på og er lite synlig i trafikkbildet.

Tiltakshavar viser i sin klage til at dei er kjent med at punkt 5 har heimel i veglova §§ 40-43, men stiller spørsmål ved kvifor det ikkje er lagt til grunn ein skjønnsmesse vurdering og synfaring i forkant av at vedtaket vart gjort. Det vart føreteke synfaring av området den 05.06.15, altså etter at vedtak av 27.05.15 vart gjort. Administrasjonen har undersøkt veglova §§ 40 og 43, samt rettskjelda Gyldendal rettsdata. Det går ikkje fram at det skal føretakast ei synfaring når søknader om utvida bruk av avkøyrslar vert handsama. Ein kan heller at sjå at det her skal føretakast ei skjønnsmesse vurdering. Slik ein vurderer det her, er det klare vilkår i veglova § 40 og § 43 som må vere oppfylte for at løyve til utvida bruk av avkøyrsla skal kunne gjevast. (Sjå punktet ovanfor, rettsleg grunnlag.) Dette er spesielt viktig i denne saka, då avkøyrsla og vegen til avkøyrsla og vert nytte som gangveg for skuleborn.

Tiltakshavar viser deretter til at Fv. 258 tidlegare var hovudveg til Sotra Nord og Øygarden, men etter at Kolltveittunnelen opna i 1992 er det berre bebuarar på Kolltveit som brukar denne veistrekninga. Dei hevdar det er lite trafikk på denne vegen og viser til at fartsgrensa er låg, 40 km/t, samt at der er fartsdumper og overgangsfelt i begge retningar. Det vart og peika på at det er berre 7 husstandar som nyttar den private vegen inn til parsellen. Det er ikkje mogelegheit for gjennomkøyring og alle som bur i området tek omsyn og held ein låg fart. Fylkesrådmannen legg vekt på at det er viktig å ha få, men gode avkøyrslar langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleik for framtida. Ein er av den oppfatning at det i området bør vere oversiktlig med minst mogeleg overraskande moment, med plass til å svinge køyretøyet, dette og ut frå det faktum at vegen/avkøyrsla og vert brukt av skuleborn. Kravet til svingradius skal mellom anna sikre at trafikkavviklinga i avkøyrslan kan skje på ein sikker og hensiktsmessig måte, ved at det er plass til at ein bil kan køyre inn i sekundærvegen samstundes som ein annan bil er på veg ut i primærvegen. På strekningar som vert nytta av både bilistar og av «mjuke trafikantar»/skuleborn, bør dette omsynet vege tungt. Her er det spesielt viktig med plass til god svingradius. Dette talar mot å godkjenne utvida bruk av avkøyrsla utan krav til utbetringar som kravd i vedtak av 27.05.15.

Fylkesrådmannen vil vise til at ifylgje opplysningane frå vegvesenet, er heimelshavar av Gnr. 33 Bnr. 112, villig til å inngå ein privat avtale med tiltakshavar om å gje eit hjørne av hagen sin, for at tiltakshavar på denne måten kan gjere nødvendige tiltak for å oppnå tilstrekkeleg svingradius i avkøyrsla. Det er difor fullt ut mogeleg å oppfylle kravet i punkt 5 i førehandstilsegn av 27.05.15, også i forhold til terrenget. Fylkesrådmannen vil leggje vekt på at avkøyrsepunktet pr. idag ikkje tilfredsstillar dei tekniske krava til utforming, fr. Statens handbøker N100 og V121, før utbetring av svingradius har funne stad.

Fylkesrådmannen meiner at det med omsyn til trafikktryggleiken i denne saka, ikkje er grunnlag for å akseptere utvida bruk av eksisterande avkøyrse utan utbetringar av svingradius, vedtakets pkt. 5. Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Therese Nordvik-Hjellesteth over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 27.05.2015, førehandstilsegn med vilkår, Fv. 258 Gnr. 33 Bnr. 621, ikkje vert teken til følgje.